

Leirvik

TEMA: Embetsmennene i lokalsamfunnet ①61, Setegard og klostergoods ①47
KART: ④438

FENGSELET I LEIRVIK

Fengselsbygningen i Leirvik var i bruk fram til 1960-åra.



I 1863 vart distriktsfengselet i LEIRVIK offisielt teke i bruk. Saman med dei tilsvarende institusjonane på Voss og i Bergen var dette Søndre Bergenbus sin del av den store norske fengselsfornyninga etter fengselslova frå 1857.

FRANZ WILHELM SCHIERTZ var arkitekt for fengsla i Hordaland. På Leirvik kom nybygget i staden for den gamle futearresten på Halsnøy kloster frå 1700-talet.

Sjølve fengselet, ein tohøgda bygning i pussa tegl, ligg parallelt med rettsbyg-

ningen som har to høgder, bygde i tre. Ein korridor bind bygningane saman. Arkitektonisk er dei ein heilskap med ein viss borgliknande profil. Dette har gjort fengselet til ein karakteristisk del av sentrumsbiletet. Luftegarden med høge trepalisadar mellom bygningane og på nedsida av fengselet, er no borte. Borte er og sauefjos og låve. «Ufarlege» fangar hjelpte til med jordbruket.

Utanom kyrkja var fengselet det første offentlege bygget i Stord. Dei første lensmennene var òg vaktmeistrar i fengselet, og rettslokalet var i mange år det største forsamlingslokalet i kommunen. Det vart nytta til alle større samlingar, frå konsertar til heradsstyremøte.

I samband med nybygging overtok Stord postdistrikt fengselet og rettsbygningen. Bygningane vart monaleg opprusta, og rettsbygningen vart nytta til møtelokale og kantine. Sjølve fengselsbygget med dei ti cellene vart kunstgalleri, drive av eit eige venelag. I 1997 kjøpte arkitektkontoret Holmedal og Husum komplekset. I dag er det restaurertlokale, som i tillegg til god mat og serverer spennande fengsels- og arkitekturhistorie. □



Ådlandsstova, interior.

ORNINGGÅRD

ORNINGGÅRD på Nedre Ådland var ein av dei adelege setegardane i Sunnhordland. Namnet på garden kjem frå elva (åa) som renn frå Ådlandsvatnet og ned i sjøen. Sentralt ved sjøen, midtvegs mellom Nordbygda og Utbygda ligg garden; prestegard og kyrkjestad frå 1100-talet. Namnet Gildeskålsbakken kan tyda på at også eit mellomaldergilde har halde til her.



Admiral og adelsmann BERNT ORNING overtok garden i 1648. Enkja og mor hans budde der lenge og var opphavet til det folkelege namnet «Frugarden», som etter kvart vart offisiell nemning på delar av garden. Ulike eigarar sat på Orninggård fram til 1760. Då vart garden kjøpt av presteenkja MAGDALENA MARGRETHE CHRISTIE, og same slekta eig han framleis. I tunet på Orninggård ligg eit bustadhus frå tidleg på 1800-talet, saman med borgstova. Det store gardshuset frå Christie-familien si tid vart flytta ut på Leirvik i 1848 (Hagerups-huset).



Ådlandsstova slik ho stod på Nedre Ådland.

ÅDLANDSSTOVA

Ådlandsstova er ei av dei største eksisterande mellomalderstovene på Vestlandet. Ho er bygd av uvanleg stor malmfuru, vakkert ovaltelgd. Ei segn knyter stova til Gildeskålsbakken på Orninggård (Nedre Ådland); at stova såleis skal vera den mellomalderlege gildeskålen. Bygningen er datert attende til 13-1400-talet med C14 måling. Stova vart overteken av Fortidsminneforeningen i 1873 og er eitt av dei første gardshusa her i landet som vart freda. Ho vart flytta til Sunnhordlandstunet i Leirvik i 1934 og formelt overteken av Sunnhordland Museum i 1980.

Biskop Neumann nemner stova som ei årestove i 1828 då han var på Stord. Ho er rekonstruert med åre i museet. Merke i veggene kan tyda på at ho ein gong har vore utstyrt med røykonn. Interiøret elles er ført attende til mellomalderen, med moldbenkar, langbord, jordgolv og kroting på veggene. Ljorekassen vart truleg skift ved flyttinga til museet. Den nye kassen har fått inskripsjonar og årstal (1804) frå den gamle.